

Øy Nytt

*Sjå, eg skaper noko nytt.
No gror det fram.*

Jes. 43,19

Sjå intervju med Turid og Janesh
på siste side

Kyrkjeblad for Øygarden




Foto: ONT

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Referat frå eldreturen i juni	side 5
Konfirmantjubileum i Hjelme og Blomvåg	side 6
Nye fjes	side 9
Hautprogram for lag og organisasjonar	side 14
Kyrkjevalet 2011. Kandidatpresentasjon	side 15-20



SOKNEPRESTEN HAR ORDET




På den nasjonale minnedagen 21. august etter terrorangrepa 22. juli preika mange prestar over 1. Kor.13. etter tilråding av kyrkjeleiinga. Eit godt råd, som eg óg fulgte ved Høgmessa i Hjelme Gamle Kyrkje denne 10. søndagen i treeiningstida. No er vi ved avslutninga av sørgeperioden. Men vi treng óg å ta med oss desse orda, ofta kalla «Kjærleikens høgsong», når vi no går attende til «vanleg» modus:

Om eg talar med mennesketunger og engletunger, men ikkje har kjærleik, då er eg ein ljomande malm eller ei klingande bjelle. Om eg har profetgåve og kjenner alle løyndomar og eig all kunnskap, og om eg har all tru, så eg kan flytta fjell, men ikkje har kjærleik, då er eg ingen ting. Om eg gjev alt eg eig til mat for dei fattige, ja, om eg gjev meg sjølv til å brennast, men ikkje har kjærleik, då gagnar det meg ingen ting.

Kjærleiken er langmodig, kjærleiken er velviljug, han misunnar ikkje, briskar seg ikkje, blæs seg ikkje opp. Kjærleiken gjer ikkje noko usømeleg, han søkjer ikkje sitt eige, harmast ikkje, gøymer ikkje på det vonde. Han gleder seg ikkje ved urett, men gleder seg ved sanninga. Alt held han ut, alt trur han, alt vonar han, alt toler han.

Kjærleiken fell aldri bort. Profetgåvene skal få ende, tungene skal tagna, og kunnskapen skal ta slutt. For vi skjønar stykkevis og talar profetisk stykkevis. Men når det fullkomne kjem, skal det som er stykkevis, få ende. Då eg var barn, tala eg som eit barn, tenkte eg som eit barn, dømde eg som eit barn. Men då eg vart mann, la eg av det barnslege. No ser vi som i ein spegel, i ei gåte; men då skal vi sjå åsyn til åsyn. No kjenner eg stykkevis, men då skal eg kjenna fullt ut, liksom eg fullt ut er kjend av Gud. Så vert dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken.



Dette er særst viktige ord. Og som dykkar prest vil eg gjerne leggje dykk på hjarte kva som er Kjærleikens Grunn. I det daglege, og i våre liv finn vi mykje som ikke harmonerer med dei vakre orda Apostelen Paulus skriv til sin kjære kyrkjelyd i Korint.

Kanskje det same gjeld både i verdsleg, såvel som i kyrkjepolitikk?

Så skal vi få ta med oss at den kjærleiken som den kjende bibelteksten talar om, djupast sett ikkje er noko anna enn Kristi kjærleik! Du kor vi treng Han! I livet, i landet, og i kyrkja!

Paulus sin apostelkollega Johannes seier det slik:

«Kjærleiken er ikkje det at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt Son sin til soning for syndene våre.» (1.Joh,4,10)

Det er Jesus som er den langmodige, velviljuge, som ikkje misunnar, ikkje briskar seg, ikkje blæs seg opp. Han gjer ikkje noko usømeleg, søkjer ikkje sitt eige, harmast ikkje, gøymer ikkje på det vonde, gleder seg ikkje ved urett, men gleder seg ved sanninga.

Og i Jesus er dét sant:
Størst er kjærleiken!

Han steig ned like til oss, for å frelsa oss, og føra oss til Himmelen ved seg! Han kan óg senda sin Ande, som verkar godleik og miskunn, men óg frimot som med kjærleik kan påtale urett og gjere oss sanne I all vår ferd.

Men det forpliktar å kjenna Jesus:
«Kva kjærleik er, har vi lært av at Jesus gav livet for oss. Så er det vår skyldnad å gje livet for brørne.» (1.Joh.3,16)

Difor ser Herren etter kjærleik óg hjå oss. Måtte det vera slik at andre kan seia om oss: Han/ho var der noko med! Han/Ho var visst ein kristen!

Svann Martinsen
sokneprest@kyrkja.net



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden
Utgjevar: Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar
Redaktør: Odd N. Thormodsæter
Kontingent: Min. kr 125,- *innan kommunen
Min. kr 175,- utanom kommunen
Takkeannonsar: kr 100,-
Kontonr. 3628.07.02557
Trykk: Bodoni
Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 5638 2240
Faks: 5638 2241
Vakttelefon prest: 5638 2244
E-post: kontor@kyrkja.net
Heimesider: www.kyrkja.net
Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong
E-post: kontor@kyrkja.net

Barne- og ungdomskonsulent:

Hogne Berland
E-post: pedagog@kyrkja.net
Telefon: 9868 3424

Kantor:

Anne Lise Grøm
E-post: kantor@kyrkja.net
Tlf. 5638 2245/9188 1208

Sokneprest:

Svann Martinsen
E-post: sokneprest@kyrkja.net
Tlf. 5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:

Björg Blom
E-post: diakon@kyrkja.net
Tlf. 4781 6181

Kyrkjevevjerje:

Odd N. Thormodsæter
E-post: kyrkjevevjerje@kyrkja.net
Tlf. 5638 2243/990 16 616

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Janesh Amenitya 958 23 472

Blomvåg kyrkje: 5638 7022

Hjelme kyrkje: 5638 8030

Råda:

Øygarden sokneråd:
Leiar: Olaug Merete Rong

Øygarden kyrkjelege fellesråd:

Leiar: Atle Dävøy

Beredskapsordning for Vesthordland prosti
Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.

Frist for stoff til nr 5 er 20. oktober.
Frist for stoff til nr 6 er 24. november.



1. Jeg er en seiler på livets hav,
 på tidens skiftende bølge.
 Den Herre Jesus meg kursen gav,
 og denne kurs vil eg følge.
 Eg stevner frem mot dei lyse lande med
 livsens trær på de skjønne strande,
 Hvor evig sol og sommer er.

2. Iblant eg seiler for medvinds
 bør i andres kjølvann og følge,
 som just lik meg denne reise gjør hen
 over jordlivets bølge.
 Og havet smiler, og solen skinner,
 min dag så stille og blid henrinner,
 Mens vinden fyller alle seil.

3. Men ofte ensom i brott og
 brann i uvæsetter jeg seiler,
 da ingen kjenning jeg har av land,
 og intet fyrstårn jeg peiler.
 Men når jeg nær tror mitt skip begravet,
 da kommer Jesus på bølgehavet,
 Om først i siste nattevakt.

4. Mitt skip er lite og havet stort.
 Det rommer tusener farer.
 Men storm og bølge ei skyller
 bort det skip som Herren bevarer.
 For ennå skjer det som før det gjorde,
 når Jesus selv kommer innen borde:
 Da legger havet seg igjen.

5. Når siste storm er en gang ridd av
 og hjemmets kyster eg skimter,
 jeg ser i solglans et annet hav,
 krystall som funkler og glimter.
 Jeg skuer portenes perlerader og
 hører englenes myriader
 Som hilser meg velkommen hjem.

6. La ankret falle! Jeg er i havn i ly
 for brenningens vover!
 Jeg kaster meg i min Frelses favn,
 han som har hjulpet meg over.
 Og kjente, elskede stemmer kaller,
 mens ankret sakte og stille faller.
 I evighetens lyse land.

Denne songen eg har valt har følggt meg heilt frå barndommen. Mor song den ofte i heimen og dette var den første songen eg tenkte på då eg fekk spørsmålet om å skriva om «Min salme».

Då mor døydde sa den eine søstera mi at vi måtte ha denne songen i gravferda. Og slik vart det.

Innhaldet i desse 6 versa har betydd mykje for meg opp gjennom åra. Guds omsorg for oss gjeld i alle livsfasar heilt til Herren tek oss heim til «... evighetens lyse land».

Eg utfordrar Audun Sæle til å skriva om «Min salme» til neste nummer.

«Ditt ord held meg i live»


«Det er mi trøyst i nauda, at ditt ord held meg i live.» (Salme 119,50)

Det kan ikkje gjentakast ofte nok kor viktig det er å lese Guds ord. For mennesket lever ikkje av brød åleine. Ofte kan ein få inntrykk av at dei materielle verdiar betyr mest for mange. Bibelen forkynner at det berre er Guds Ånd, ved Ordet, som kan vise oss kva vi har i Jesus. «Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss.» (Johannes 1,14).

Les vi Guds ord regelmessig og fordjupar oss i det, så vil det trengje seg inn og prege oss. Det betyr uendeleg mykje både for dagen og framtida.

Maria sat ved Jesu føter og hørde hans ord, og det vart til hjelp for henne.

«Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar.» (Kolossarane 3,16). KPK



Barnenyt fra Sanden i Oussoudidiagna-Mali, mai 2011

I mai har det skjedd mange ting! Ganske med en gang reiste Ester Kristine og Hild Elida sammen med lærerne på leir. Vi kjørte til Manantali. Der er det lite hus som misjonen leier. I Manantali er det en demning som lager strøm, så der er det gratis strøm. Derfor kunne vi ha på aircondition hele tida da vi var inne. Vi gikk på tur og bada, kjøpte yoghurt og melk og sjokoladepulver på butikken, bakte muffins og pitabrød, så på film og koste oss masse.

Så har vi feira 17. mai. Det var veldig gøy. Skolen lagde pølse- og hamburgerbrød om formiddagen. Klokket to var det tog i huset til Møyfrid og Kristian. Vi gikk på verandaen, inne i huset og ute, før vi sang «Ja vi elsker». Ester Kristine holdt tale for dagen, og skolen sang. I kiosken kunne vi få pølser, hamburgere, brus og is helt gratis. Etterpå var det sporlek med luftgeværskyting, huskeoppgaver, stabling av pinner, med mere, og begge lagene fikk 117 poeng!

I slutten av mai var det seminar i kirken. Nesten alle de kristne var samla til møter formiddag og ettermiddag. Barna gikk litt til og fra, hørte på litt og lekte litt ute. Vi var ikke med hele tiden, men gikk bort da det var mat. Tre damer kom med digre plastbaljer fulle av ris og saus. De delte det ut i mindre fat, og så spiste vi med fingrene. På søndag var det helt fullt i kirken, og på søndagsskolen kom det så mange at det nesten ikke var plass! Vi måtte sitte helt tett i tett på mattene på gulvet, og det var ikke så mange farger til hver. Men det er veldig bra at det er mange barn som vil høre om Jesus!

John Kåre har fått seg nye venner. De bor rett på andre siden av veien for oss, så det er kort vei. Hver morgen, litt over seks, spør han Jan om han kan låse opp porten for han vil besøke Gondå. Det får han ikke lov til før Jan kjøper brød klokka sju. Og så løper han fram og tilbake noen ganger, og spiser

frokost enten hos oss eller dem. Gondå er ei jente på to år, men han leker like mye med storebrødrene Bira på seks og Mossa på fire. Pappan deres Mahadi ble døpt i januar, og nå har guttene begynt å gå i kirken. Mamman, Sanko var med på seminaret. Vi ber om at hele familien skal bli venner med Jesus! Og snart skal de få en ny baby.

I hele mai har det vært kjempevarmt! Vi svetter hele tiden, og har litt varmeutslett. Vi har sovet ute i hagen, men nå sover vi på verandaen fordi det regner av og til. I dag pakker vi bilen, og i morgen reiser vi til Bamako. Der er det basseng. Torsdag 9. reiser vi til Norge. Ester Kristine skal gå litt på Alvhelm skule etter pinse. Hild Elida har hatt sin siste førskoledag i hele sitt liv. John Kåre gleder seg til å kjøre båt!

Hilsen Ester Kristine,
Hild Elida og John Kåre



REFERAT FRÅ ELDRETUREN 22.JUNI 2011

Turen var planlagt å gå frå Øygarden til Dale og vidare til Verpelstad gard i Vaksdal kommune. Sola gav håp for dagen alt frå morgonen av. Bussen starta frå Hellesøy kl 8.30 og plukka opp reiselystne pensjonistar på vegen sørover i kommunen.

Nærare Bergen hadde Else eit ord for dagen og me song oss i den rette stemninga for turen. Me hadde laga ark med songar og dei vart mykje brukte. Alle tunnelane stengde for utsyn og somtid måtte me ta pause i opplesing og songtekstar, men det sette ingen dempar på turstemninga. Praten gjekk ivrig i buss-seta.

Ca kl. 11 kom me fram til Dale. Der venta kaffi og rundstykke på Coop-kafeen. Alt var gjort ferdig for oss, det var berre og sessa seg og nytta mini-måltidet.

Det var gravferd i kyrkja og me laut venta til den var slutt, men det gjorde at organisten var til stades og var viljug til å spela for oss. Han held ein mini-konsert for oss i den vakre, majestetiske Dale-kyrkja. I tillegg song buss-sjåføren, Arnfinn Norheim, og held andakt for oss. Stunda i kyrkja vart stor. Den vart noko me lever lenge på og som me takkar for å ha opplevd. Til slutt orienterte kyrkjetenaren om historia for Dalekyrkja og om innhaldet i den så som altartavle, preikestol, døypefont o.a.



Så bar det til fjellgarden Verpelstad, 3 km bratt opp i fjellet. Vegen var bra, og med ein røynd sjåfør, var me i dei beste hender. Me vart godt mottekne av eigaren, Odd Reigstad.00. Menyen var lammesteik og is med skogsbær og kaffi. Eit utsøkt måltid på ein heilt vanleg onsdag!

Eigaren fortalde om Verpelstad for oss. Før han kjøpte den på tvangsauksjon var det framleis ein veglaus fjellgard. Garden har vore der sidan 1500-talet. Garden er no ombygd til

selskapslokale og kva den mannen har fått til, må berre sjåast for å fatta. Både ute og inne var det storslege. Me tok oss god tid, drøste og saug inn alle inntrykka frå staden.

På heimvegen var det berre godord å høyra. Turen hadde vore maks vellukka for alle.

God sommar frå oss i komiteen.

Else Austbø



Lyddopptak frå innviinga av Hjelmekyrkje 13. juni 1971

Opptaket er overført til CD i format MP3. CD-en kan kjøpast på kyrkjekontoret for 50 kr. Ved sending i posten kjem porto i tillegg.

-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: post@vestgarelektro.no

www.vestgarelektro.no

KONFIRMANTAR 17. SEPTEMBER 1961 BLOMVÅG



Fotograf: Haugland, Frekhaug. Bildet er lånt ut av Anders Vik.
Fotoeigar: Eldbjørg Møllerup

1. rekkje: Liv H. Breivik, Aslaug Oen, Laila Blom, Sigrunn Fjeldstad, Knut Hernes, Thomas Heiberg Jacobsen, Wenche Misje, Anne Lise Pahr, Marta Alvheim, Aud Kårbo.

2. rekkje (bak prestane): Norunn Rong, Jorun Toftevåg, Hjørdis Vik, Tordis Harketstad, Annelaug Rong.

3. rekkje: Margun Torsvik, Jorunn Turøy, Anna Rong, Anne Karin Misje, Petra Dale, Anne Karin Dale, Anne Lise Sæle, Brit Rong, Torbjørg Torsvik, Alfild Dævøy, Vigdis Wilhelmsen, Aud Rong.

4. rekkje: Malvin Alvheim, Oddvar Torsvik, Ove Torsvik, Kari Turøy.

5. rekkje: Kjell Turøy, Audun Kristoffersen, Anskar Misje, Ingrid Heggøy, Brit-Sissel Herdlevær, Anne Karin Dævøy, Aud Jorun Dævøy, Inger Karin Torsvik, Paul Dævøy, Odny Dævøy, Magnar Vik.

6. rekkje: Gunnar Torsvik, Olav Kristoffersen, Anton Torsvik, Asbjørn Kristoffersen, Asbjørn Dale, Oddvar Haugetun, Birger Vestheim, (litt skjult) Bjørn Dale, Malvin Blom.

7. rekkje: Arvid Breivik, Torleif Turøy, Otto Sæle, Trygve Fjeldstad, Jon Arne Berland, Leif Heggøy, Kåre Breivik, Martinus Fjeldstad, Kåre Nynes, Gunnar Solsvik, Magnar Blomvågnes, Jon Oen, Anders Vik.

8. rekkje: Kjell Mikkelsen, Einar Breivik, Kåre Heggholmen, Kjell Oen, Bjarne Vik, Håkon Rong, Svein Blomvågnes, Magne Herdlevær, Olav Rong, Karstein Magne Rong.

50ÅRS KONFIRMASJONSJUBILEUM

Jubilantane i Blomvåg gamle kyrkje 28/8



Første rekke frå venstre:

Aud Jorun Dāvøy, Anne Karin Dāvøy Hellesund, Alvhild Aslaug Dāvøy Abildgaard, Brit-Sissel Karin Gaulen, Liv Haldis Breivik Solhaug, Anne Karin Dale Trellevik, Aud Margrethe Kårbø Oen, Anne Lise Sæle Dale, Lajla Elin Blom, Norunn Oddlaug Rong, Annlaug Berit Rong Jentoft

Andre rekke:

Aud Astrid Rong Sellevoll, Anna Rong Morken, Brit Johanne Rong, Inger Karin Torsvik Tjelta, Torbjørg Torsvik, Hjørdis Sigrun Vik, Kari Marie Turøy Kalvenes, Jorunn Oline Turøy Askø

Tredje rekke:

Malvin Gerhard Kvinge Alvheim, Jon Arne Berland, Kåre Magne Harkestad, Trygve Svein Fjeldstad, Martinus Fjeldstad, Kåre Heggholmen, John Ingvald Oen, Malvin Karl Blom, Magnar Karstein Blomvågnes, Birger Martin Rong Vestheim,

Fjerde rekke:

Karstein Magne Rong, Anton Martin Torsvik, Gunnar Terje Torsvik, Oddvar Gunnar Torsvik, Anders Vik, Gunnar Arthur Solsvik, Olav Kristoffersen, Audun Karstein Kristoffersen, Torleif Odd Turøy, Kjell Kåre Turøy,

Heiderspris til Asbjørn Kvalbein

Webpastor i Norea Mediemisjon, Asbjørn Kvalbein (67), vart i nyleg tildelt Kristent Radioforums Heiderspris 2011. I grunngjevinga til juryen heiter det at «Kvalbein har ein heilt unik produksjonskapasitet» og at han «laga program med svært godt og variert innhald.»

Juryen som har bestått av Geir Magnus Nyborg, Ragnar Sjølie og Vagleik Brekke, påpeikar at Kvalbein er ein framstående pioner innanfor lokalradiosektoren. Kvalbein var rektor på Mediehøgskolen Gimlekollen då lokal-

radioeventyret starta i Noreg. Han var også leiar av Norea Radio i den tida, og Norea starta tidleg med å knyte lokalradioar saman gjennom ulike program. Kvalbein er i dag ein av dei som er mest å høyre på kristne lokalradioar i Noreg.

Juryen påpeikar at prisvinnaren stadig har vore oppteken av å fornye og utvikle seg. Han har makta å knyte radiomediet saman med andre format på web og i skrift. I dag er han kanskje mest kjend som webpastoren. KPK



50ÅRS KONFIRMASJONSJUBILEUM

Jubilantane i Hjelme gamle kyrkje 21/8



Frå venstre:

- Wenche Judith Hernar Vinnes
- Turid Hennø Njåstad
- Arne Tore Johannessen
- Bjørg Anlaug Hernar Berland
- Egil Ingar Svingen
- Anne Marie Heggøy Skorpen
- Gudrun Mariussen Nautnes Skjold

Ut på tur

Øygarden kommune oppmodar sine innbyggjar til å gå på tur – både på «Kul-tur», «Min tur» og tursti-konkurransen.

Kommunen og frivilligsentralen har saman fått i gong fleire gode turalternativer for å koma oss ut på tur.

Alle stiane som er med i konkurranse er merka og det skal vere lett synlege postkassar med klippemaskin for avmerking på konkurransearket som alle har fått i postkassane (treng du fleire så ta kontakt med Servicetorget på rådhuset).

Lokale turentusiastar har gjort dette arbeidet for oss, slik at me har fått fine kart knytt til kvar tur.

Går du alle 10 turane og klipper i konkurranseheftet med merkeklipperane er du med i trekninga av fine premiar. Premie er ein GPS for vaksne og ein Ipod for born.

I tillegg til dette vert det kvar onsdag gjennomført Kul-tur – og anna kvar torsdag er det ein politiskar som tek deg med på ein sjølvvalt tur.

Program for desse turane har du og fått i postkassa – turane vert annonsert på kommunen si heimesida fortløpande.

God tur og husk klippkortet

Øygarden satsar på folkehelse:

- ✓ TURSTI konkurranse med klippkort
- ✓ MIN TUR: Politiskarane inviterer
- ✓ KUL-TUR: Formiddagsturar med guide

Øygarden
- brubussjaren

Nytt team!



I år skal Øygarden ha team igjen, og det er ikkje kven som helst som har sagt ja til å vera med i team dette året! Alle fire jentene kjem nemleg frå Øygarden og er godt kjent med barne- og ungdomsarbeidet her både som leiarar og deltakarar. Vi tok oss ein prat med det nye teamet då dei var innom kyrkjekontoret.

Tekst og foto: Hogne Berland

Therese Dale, Sarah Elise Guntveit, Iselin Toft og Ingebjørg Martinussen er namna du må lære deg med ein gong viss du ikkje kjenner dei. Dei vil du nemleg treffe på både her og der i året som kjem. Ungdomsklubben Ichtys på Vik, Laget på ungdomsskulen, leiarar på Skjergardsheimen, gudstenester i Blomvåg og Hjelme, søndagsskular og barneklubbar i heile Øygarden kjem til å få besøk av desse jentene i løpet av året. Dei har tidlegare gått på Danielsen VGS i Bergen og det siste året har alle gått på Fjellhaug bibelskule i Oslo. I år skal dei bu saman i eit hus på Torsvik. Når dei skal bu så tett saman og gjera så mykje i lag lurar vi på om dei ikkje er redd for å verta lei av kvarandre dette året?

«Det kan jo sikkert skje at vi vert lei kvarandre», seier dei, «men vi er gode vener. Det gjeld berre å ha fokus på kva vi er her for og kvifor vi er i team». «Og blir det krise, kan vi jo berre flytte heim», seier Sarah Elise og ler.

– Ja, kvifor vil de eigentleg vera i team?
«Vi har sjølv vakse opp med å ha team som deltok i barne- og ungdomsarbeidet og veit kva det kan ha å sei. Vi sette stor pris på dette og no har vi sjansen til å

gje litt tilbake. Samstundes har vi lært så mykje på bibelskulen som vi har lyst å bruke og lære vidare.» «Og eg gler meg til å verta utfordra», legg Iselin til. «Vi spør gjerne oss sjølv om vi er gode nok, men eg veit at Gud kan bruke oss sjølv om vi tenker at det er ting vi ikkje klarer og det gler eg meg til å sjå. Vi har sett på Fjellhaug at vi vert utrusta av å verta utfordra.»

– Kva gler de dykk mest til?

«Det må vera å verta kjent med borna og ungdomane og få nye vener. Vi håpar at folk stikk innom heime til oss og kan kjenna at dei er velkomen. Det er dei i alle fall!»

– Er det noko de gruar dykk til?

«Kanskje det å skuffe nokon. Vi har jo lyst å vera med å bidra der vi kan, men kanskje vi ikkje rekk over alt. Vi er nok litt redd for ikkje å strekke til.»

Det er tydeleg at teamet har tenkt mykje på kva dei vil og kvifor, så dei verkar å vera godt budd for et aktivt år i Øygarden. Til slutt legg dei til at vi må få med at dei er glad for forbøn. «Vi veit kor viktig det er at vi har eit godt forhold til Jesus personleg når vi skal vera ei hjelp for andre. Vi håpar folk i Øygarden kan be om at vi får verta påfylt sjølv, så vi kan gje til andre!»



Hogne Berland – ny medarbeidar

Som vi har nemner på side 13, har Fellesrådet vedteke å kjøpa teneste frå Nordhordland Indremisjon til å fylla stillinga som Barne- og ungdomskonsulent i dei neste tre åra. Hogne Berland har svara ja til å gå inn i dette arbeidet. Han har lærarutdanning frå Høgskolen i Bergen, og har brei erfaring i arbeidet mellom barn og unge, ikkje minst gjennom leirarbeid på Raknestunet og i Sætervika. Han har det siste skuleåret vore tilsett av NLM til å gjera teneste i Øygarden. Vi kjenner såleis Hogne godt og gler oss over å inkludera han i staben.

Tekst og foto: ONT

Vi møter Hogne, travelt oppteken med å førebu samrådsmøte mellom det nye teamet, Harald Berge Breistein og Ann Elin Dyrøy frå NLM.

– *Kvifor har de dette møtet?*

– Dette året skal ein, som ein del år tidlegare, ha eit team frå NLM som skal vera ein ressurs for barne- og ungdomsarbeidet i Øygarden. Det er mykje forskjellig arbeid i Øygarden, så dette møtet i dag har vi for å avtale litt kva teamet skal bruke tida si på.

– *Det er mange arbeidsoppgåver som ventar på å verta løyste. Kva oppgåver gler du deg mest til å ta fatt på?*

– Det var eit vanskeleg spørsmål. Det er jo mykje eg gler meg til. Men ein stor del av denne stillinga vert jo arbeidet med konfirmantopplegget. Eg gler meg veldig til å verta betre kjent med konfirmantane og forhåpentlegvis få lært dei noko!

– *Dette året er du og eit team på fire personar klar til å ta fatt på oppgåvene som ventar. Kva tenkjer du om dette?*



– Eg syns det er veldig flott at vi har fått dette teamet og spesielt kjekt er det at dei er i frå Øygarden. Det er bra å kunne vera fleire i arbeidet og eg ser fram til å samarbeide med dei om å nå born og unge med evangeliet.

– *Har du eit overordna mål for dette arbeidet du no går inn i?*

– Ja, det er klart. Målet er at born og unge i Øygarden skal få verta betre kjent med Jesus eller få møta han for fyrste gong! Jesus betalte ein høg pris for at vi skulle få vera saman med Gud og han ynskjer å vera vår bror og ven. Dette må alle få høyra om!

Er dette dei mest populære versa i Bibelen?

Den største nettstaden for bibeltekstar på nett, Biblegateway, har offentliggjort ein analyse over kva for bibelvers som er mest populære i søkemotoren deira, melder bibel.no. Dei ti bibelstadene som er mest søkt etter, er desse:

Johannes 3,16
Jeremia 29,11
Romarane 8,28
Filipparane 4,13
1. Mosebok 1,1
Ordtøka 3,5
Ordtøka 3,6
Romarane 12,2
Filipparane 4,6
Matteus 28,19

KPK

KVA SKJER I ØYGARDEN DENNE HAUSTEN?

Barne- og ungdomshausten

Sommaren er over og det syns kanskje nokon er trist, men ein ny haust byr på mange moglegheiter! For deg som er så heldig å vera ung er det mykje spennande som skjer i Øygarden i haust. Allereie har mange barnelag hatt første samling på bedehusa rundtom.

Tekst: Hogne Berland

På eit barnelag får du høyre frå Bibelen, ete litt og vera med på kjekke aktivitetar. På Vik bedehus kan du vera med på **Gutten** (5 år–5. klasse), **Jenteforeninga** (5 år–5. klasse) og **Yngres** (5.–7. klasse). På Rong bedehus startar **Sprell Levande-klubben** (5–9 år) opp att. Bur du i nærleiken av Blomvåg bedehus kan du stikke innom **BLINK** og på Oen bedehus er du velkomen på **Onsdagsklubben**. I tillegg til dette er det **søndagsskular** både på Vik, Rong, Blomvåg og Tjeldstø. Du kan sjekke dei lokale bedehusprogramma for meir info om tid og stad for dei ulike laga.

PLUSS startar opp att med eit skikkelig kick-off onsdag 7. september på Oen bedehus! Dette er ein klubb for alle i Øygarden som går i 5.–8. klasse. På Nautnes bedehus held klubben **AHAVA** til. Dei har samling siste fredag i månaden for både 5.–7. klasse (kl. 19–21) og 8.–10. klasse (kl. 21–23).

Likar du å synge? Då kan du stikke innom eit av kora i Øygarden. På Vik bedehus øver **Lyskastaren** (4 år–3. kl.) annankvar mandag. **Barnekantoriet** øver etter skuletid på Alvheim fredag og i Hjelme kyrkje tirsdag. Er du mellom 10 og 18 år, kan vi anbefale **Gospel Teens** som øver annankvar tirsdag i Blomvåg kyrkje.



Ungdomsklubben Ichtys startar opp laurdag 3. september på Vik bedehus og deretter annankvar laurdag kl. 20. Ichtys er for deg som går i 8. klasse og oppover. Samlingane startar med møte med lovsong og andakt. Etterpå vert det aktivitetar og kafé. Her vert det nye teamet med, så dette er kanskje første sjanse for mange til å treffe på dei!

På ungdomsskulen heldt **Laget** til. Der kan du ta med deg maten og få med deg ei andakt og litt leik kvar torsdag i lunsjen.

Er du kanskje ein av dei som ikkje klarer å vente til neste leir?

På **Skjergardsheimen** skal det vera to leirar i haust. 21.–23. oktober er det leir for 3.–4. klasse og 2.–4. desember er det 6.–7. klasse sin tur. Viss du er litt skuffa over at det ikkje er leir for deg i haust, kan vi trøyste deg med at då blir det det til våren!

Konfirmantundervisninga starta i veke 35 og vil finne stad omlag annankvar veke på Rong senter. I tillegg vert det konfirmantleir 18.–20. november. Husk å få med deg presentasjon av konfirmantane i Blomvåg kyrkje 11. sep. og i **Hjelme kyrkje 18. sep!**

Utdelingar på familiegudstenester hausten 2011!

4-årsbok

Blomvåg: 23. oktober.
Hjelme: 27. november.

Bibel til 5. klassingane

Blomvåg: 25. september.
Hjelme: 2. oktober.

Barnebibel til 5-åringane

Sør: På søndagsskular og barnelag.
Innbyding kjem i posten.
Hjelme: 27. november.



SAMLIVSKURS

- et kurs for et enda bedre samliv



Arrangør:

Menighetene i Askøy, Fjell, Sund og Øygarden, med støtte fra Barne- og familiedirektoratet.

Hva er et PREP kommunikasjonskurs?

- PREP kan hjelpe par til å ha større glede av forholdet sitt og gir par et verktøy til å forbedre kommunikasjonen. PREP setter søkelyset på det som kan styrke forholdet.
- På et PREP- kurs er det både humor og alvor. Det vil handle om kjærlighet, forventninger, glede, moro og vennskap, men aller mest om god kommunikasjon.
- Målet er at par skal lære å kjenne igjen hva slags konflikter som kan skade forholdet, og få noen verktøy til å forbedre kommunikasjonen og til å løse problemer.

Kurset er nyttig for alle par samme hvor lenge de har vært sammen og om de er gift eller ikke. Dette kurset er **ikke** for de som har store problemer i parforholdet, men et kurs som skal hjelpe par til å utvikle og ta vare på det gode samlivet.

Kursopplegget er lagt opp med en blanding av forelesninger og pararbeid. Paret jobber kun med seg selv, og blir ikke spurt om å utlevere noe av samlivet til de andre kursdeltakerne.

Kurskveldene blir 31.okt, 07. og 14. november kl. 18 -22.

Kurslokalet er Fjell kyrkje, Sotra

Pris pr. par for hele kurset:

Kr. 1000,- inkl. kurshefte og middag/forfriskninger hver kurskveld.

For spørsmål og påmelding:

Kirkekontoret i Fjell tlf. 55 09 74 40,
el. Torbjørn Fjøren, mobil 922 95 377.

Påmeldingsfrist: Fredag 14. oktober

Ny bibel vert lansert i oktober

19. oktober vert Bibelselskapet sin nye bibel lansert på nynorsk og bokmål. Det er over tretti år sidan Bibelselskapet sist kom med ei ny omsetjing.

I desember 2010 vart den nye omsetjinga godkjent i styret i Bibelselskapet. Den reviderte omsetjinga av Det nye testamentet kom allereie i 2005. Medielanseringa skjer i Oslo domkyrkje onsdag 19. oktober. Helga etter, 22.-23. oktober, oppfordrast kyrkjelydar og forsamlingar til ei markering av at Noreg har fått to nye bibelomsetjingar, både på bokmål og på nynorsk.

26. og 27. oktober er det planlagt ei spesiell markering av lanseringa av nynorskomsetjinga av Bibel 2011. Den finn stad i Ivar Aasen-tunet og i Volda kyrkje.

– For første gong har Bibelselskapet invitert folk til å vere med og gi tilbakemeldingar på teksten til oss som har ansvaret for omsetjinga. Det er ei tillitserklæring til bibellesarane. Alle tilbakemeldingar vart lesne og vurderte før Bibelselskapet sitt styre godkjente den endelege teksten mot slutten av 2010. Då hadde den vore vurdert og diskutert av ekspertar på norsk, av teologar og av fagfolk på grunnspråka hebraisk og gresk. Ei setning eller eit uttrykk kan ofte omsetjast på ulike måtar, difor vart kvar tekst gjennomgått i minst sju og ofte ni rundar med vurdering og diskusjon før den vart vedteken, skriv generalsekretær i Bibelselskapet, Stein Mydske. KPK

OPPSTART AV KOR

Øygardskoret:

Tysd. 6. sept. kl.19.30–21.30 i Hjelme kyrkje

Barnekantoret:

Tysd. 6. sept. kl.13.15–14.00 i Hjelme kyrkje (5.–7. trinn)

Fred. 2. sept. kl.13.45–14.20 på Alvheim skule (2.–4. trinn)

DU ER VELKOMMEN!

Dirigent er Anne Lise Grøm (mob. 918 81 208)

MINIBOKHANDELEN ANBEFALAR:

Ønsker du hjelp til å få ei meir heilskepeleg innsikt i den kristen trua? Med «Vi tror sammen» kan du tileigna deg kunnskap og rettleiing om bibelsk tru. Her vert det også gjeve sjesørgjerisk hjelp på område som kan smerta og utløysa spørsmål.



Tittelen «Vi tror sammen» viser til at kristne har trua som felleseige – ut frå trua si kjelde, Guds openberring i Bibelen. Boka har spørsmål og opplegg for samtale og er godkjent av Norsk Kristelig Studieråd. Boka er skrivi av Karl Johan Hallaråker og er gjeve ut på Lunde forlag.

Ho er til sals på kyrkjekontoret for kr 285,-.

KORT-NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Hjelme kyrkje stengt i oktober



Hjelme kyrkje vart innvigd i 1971 og er såleis 40 år dette året. Fellesrådet har søkt kommunen og fått inn-

vilga eit rentefritt lån til nødvendige utbetringar. Orgelet er no ferdig renoverert til ein kostnad på 100.000 kr. Kantor Anne Lise Grøm synest at resultatet er svært positivt og gler seg til å presentera eit betre lydbilete for kyrkjelyden. Arbeid som skal gjennomførast i oktober er skifte av vindaug og legging av nytt golvbelegg. Vidare er det bestilt nye stolar i same design som i Blomvåg kyrkje. Dei gamle benkane vert gitt bort, så berre ta kontakt dersom du ønskjer ein kyrkjebenk! Kyrkja vert opna att søndag **30. oktober** dersom alt går etter planen.



Flytting av minnestøtta ved Hjelme gamle kyrkje?

Det er kome fram tankar om å flytta denne minnestøtta opp til Hjelme nye slik at særleg den yngre generasjonen vert minna om historia som er knytt til støtta. Saka har vore oppe både i Fellesrådet og i nærmiljøutvalet for Bakken krins. Begge er positive til flytting. Det har i det siste kome enkelte innvendingar på ei slik flytting. Det vert difor venta med vidare planlegging til saka er meir utgreidd.


Kyrkjevalet 2011

Samstundes med kommune- og fylkestingsvalet vert det også kyrkjeval den 12. september. Stad for kyrkjevalet er i kyrkjene frå kl 12.00 til 20.00. Kandidatane er presenterte annan stad i ØyNytt. Det er også høve til å førehandsrøysta på kyrkjekontoret fram til fredag 9. september. Sjå elles detaljar på tilsendt valkort Vi oppfordrar den enkelte kyrkjemedlem til å nytta stemmeretten!

Stabsnytt

Auka stilling som diakonimedarbeidar

Björg Blom har dei siste tre åra vore tilsett i ein 20% stilling som diakonimedarbeidar. Frå 1. august har Fellesrådet vedteke å auka denne til 40% og har tilsett Björg etter intern utlysing.



«Innkjøpt» Barne- og ungdomskonsulent frå Nordhordland indremisjon

Soknerådet og fellesrådet har vedteke å ikkje føra vidare prosjektstillinga som kyrkjelydspedagog. Råda gav kyrkjeverja fullmakt til å inngå drøftingar med misjonsorganisasjonar om kjøp av tenester for ein periode på 3 år. Vedtaket er no gjennomført ved at ein frå 1. august kjøper teneste som Barne- og ungdomskonsulent frå Nordhordland indremisjon (NhI) for ein 3års-periode. NhI har tilsett Hogne Berland i ei 80% stilling. Sjå omtale om Hogne på side 10.

INNKOMNE OFFER

Blomvåg:

2. jan	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2496,50
16. jan	Nordh.Indremisjon	kr 2728,50
30. jan	Åpne dører	kr 1781,50
13. feb	Det Norske Bibelselskap	kr 2081,50
27. feb	Familie og Medier	kr 2209,-
13. mar	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2350,-
27. mar	Normisjon	kr 2387,-
10. apr	Bildøy Bibelskule	kr 2383,-
24. apr	Fjellhaug bibelskule	kr 5822,-
7. mai	KRIK	kr 3327,-
8. mai	Kyrkjelydsarbeidet	kr 3539,-
14. mai	Strømmestiftelsen -SKRIK	kr 3588,50
17. mai	Kyrkjelydsarbeidet	kr 2853,-
22. mai	Den Norske Israelsmisjon	kr 3407,-
5. juni	«Radiopresten»	kr 3331,50
19. juni	Strømmestiftelsen	kr 1735,50

Hjelme:

1. jan	Kyrkjelydsarbeidet	kr 1442,-
9. jan	Sygna vid.skule	kr 2768,-
23. jan	Bildøy Bibelskule	kr 2420,50
6. feb	Israelsmisjonen	kr 4506,-
20. feb	Det Norske Bibelselskap	kr 3005,-
6. mar	Fjelltun bibelskule	kr 2665,-
20. mar	Strømmestiftelsen	kr 2759,-
3. apr	Nordh.Indremisjon	kr 2619,50
17. apr	Kristen muslimmisjon	kr 5381,50
25. apr	Fjellheim Misjonsskule	kr 4564,-
1. mai	Normisjon - prosj.Sanden	kr 1845,-
15. mai	LAGET	kr 4942,-
17. mai	Kyrkjelydsarbeidet	kr 3521,50
29. mai	«Radiopresten»	kr 1375,-
12. juni	Kyrkjelydsarbeidet	kr 3768,50
26. juni	Normisjon	kr 3806,50

KVA SKJER I ØYGARDEN DENNE HAUSTEN?

Velkommen til INRI - Rong bedehus kl. 16.30

Samling for dei minste under talen, og SøndagRing for dei større borna. Kaffi, saft og kaker etter kvar samling

4. sept	Audun Hjellvik
18. sept	Audun Hjellvik
2. okt	Ivar Fjeld – familiefest
16. okt	Asle Hetlebakke
30. okt	Glenn Nord-Varhaug
13. nov	Øystein Rong
18. nov	Night of worship i Kulturhuset. Trygve Helgesen m/band. Viggo Wilhelmsen
20. nov	Viggo Wilhelmsen
27. nov	Gunstein Nes – tema: Israel
11. des	Asle Hetlebakke– Adventsfest

Velkommen til bibeltimar på Nautnes bedehus

18. aug.	Audun Hjellvik
20–25 aug.	Møteveke med Roald Evensen
8. sept.	Harry Wiig Andersen
20. okt.	Asle Hetlebakke
24. nov.	Audun Hjellvik

Eldretreff hausten 2011

i Hjelme kyrkje

Onsdagar kl. 16.45
21. sept.
19. okt.
16. nov.
Des. – førjulsfest

På Tednebyggane

Torsdagar kl. 16.30
22. sept
20. okt
17. nov
8. des - julefest

Eldretreffa er for alle i alderen 65+ og er kyrkja sitt diakonale arbeid for denne aldersgruppa. Du er hjarteleg velkommen til eldretreff både i kyrkjelydssalen i Hjelme og på Tednebyggane omsorgssenter!

